



Foreldrearbeidsutvalet Lærdalsøyri skule  
<faulaerdal@gmail.com>

## Invitasjon til dialogmøte med FAU ved Lærdalsøyri skule

Foreldrearbeidsutvalet Lærdalsøyri skule  
<faulaerdal@gmail.com>

19. september 2011  
00:11

Til: Post Lærdal kommune <post@laerdal.kommune.no>

Kopi: Eva Hage Solstad <eva.hage.solstad@laerdal.kommune.no>, Ingrid Steine Bortne <ingrid.steine.bortne@laerdal.kommune.no>, Alf Olsen <alf.olsen@laerdal.kommune.no>, Johan Nes <johan.nes@hydro.com>, Johan Nes <johan.nes@lardalsnett.no>

FAU ved Lærdalsøyri skule  
(epost [faulaerdal@gmail.com](mailto:faulaerdal@gmail.com))

Heimeside: [www.faulaerdal.wordpress.com](http://www.faulaerdal.wordpress.com)

Lærdal kommune ([post@laerdal.kommune.no](mailto:post@laerdal.kommune.no))

(NB! Vert berre sendt som e-post)

### Invitasjon til dialogmøte med FAU ved Lærdalsøyri skule

FAU for skuleåret 2011/2012 hadde konstituerande møte den 15. september.

I møtet hadde me drøftingar kring utvalet sine ulike arbeidsoppgåver og utfordringar framover. Eit av punkta som vart tatt opp var korleis samarbeidet mellom FAU og skuleeigar/skuleleiinga vert opplevd frå oss i utvalet. Me har mellom anna i [årsmeldinga](#) for skuleåret 2010/2011 gitt uttrykk for at det har vore utfordringar i høve dette.

Me i FAU ynskjer å invitere skuleeigar til eit dialogmøte med fokus på det viktige samarbeidet mellom heim og skule. Når me skriv 'skuleeigar' så er det med grunnlag i at me ynskjer dialog med ansvarlege for skuletilbodet til ungane våre, og at det for oss er uvesentleg kven som representerer skuleeigar i så måte. Me ynskjer ikkje å vera deltakande i eit 'svarteper-spel' der ulike nivå og aktørar legg ansvaret over på kvarandre i høve til elevane sitt skuletilbod.

**FAU skal ha sitt neste møte torsdag den 20. oktober på møterommet på rådhuset. Me inviterer såleis til dialogmøte med FAU kl 18.00 denne kvelden.**

Me set pris på ei attendemelding på invitasjonen.

Med helsing

FAU ved Lærdalsøyri skule

v/Hadle Blikra, leiar

kopi; - rektor ved Lærdalsøyri skule  
- pedagogisk konsulent  
- rådmann  
- SU/SMU v/leiar

*Følg med på arbeidet til FAU på heimesida vår: [www.faulaerdal.wordpress.com](http://www.faulaerdal.wordpress.com)*

 Ver venleg og tenk på miljøet før du skriv ut denne e-posten

---